

Stem på Vestland Venstre

- | | |
|---|-----------------------------------|
| 1. Gunhild Berge Stang, Fjaler | 15. Ingrid N. Fjeldstad, Bergen |
| 2. Geir Kjell Andersland, Bergen | 16. Vegard Løknes, Bergen |
| 3. Agnes Hoshovde Bernes, Ungdomskandidat/Alver | 17. Maria Knagenhjelm, Sogndal |
| 4. Alfred Bjørlo, Stad | 18. Astrid Dale, Bjørnafjorden |
| 5. Tom Hiis Bergh, Bergen | 19. Njål Eliasson, Kinn |
| 6. Elizabeth Toft Erichsen, Øygarden | 20. Grete Line Simonsen, Bergen |
| 7. Astrid Hårstad Knutsen, Bergen | 21. Bjørn Tore Sund, Osterøy |
| 8. Jan Henrik Nygård, Kinn | 22. Terje Horvei, Aurland |
| 9. Åsta Årøen, Bergen | 23. Marit Gjerstad, Bergen |
| 10. Torstein Tvinnereim, Stryn | 24. Rolf Nesheim, Alver |
| 11. Ragnhild Handeland, Kvinnherad | 25. Else Mundal, Sogndal |
| 12. Jon Ove Lomheim, Luster | 26. Anton Engen, Bergen |
| 13. Margunn Østrem, Voss | 27. Marius Hellan Hindenes, Alver |
| 14. Daniel Gangeskar, Kinn | 28. Judith Kapstad, Sunnfjord |
| | 29. Galo Austegard, Bergen |
| | 30. Kari Ø. Toft, Øygarden |

Venstre er på lag med framtida.

Derfor vil vi satse på skulen, skape nye arbeidsplassar og ta vare på naturen.

Les meir på
www.venstre.no/vestland.
Følg oss på
www.facebook.com/vestlandvenstre



Foto: Rebecca Amber, Bård Mangerøy. Grafisk: Åge Avedal



VENSTRE

Nytt Vestland - ny giv.



Gunhild Berge Stang
fylkesordførarkandidat

Grønt, nyskapande Vestland

Klimagassutslepp, tap av naturmangfald og plastforsøpling er dei største utfordringane i vår tid. Vestland fylke skal vere klimanøytralt innan 2030. Næringslivet i Vestland skal vere i front på grøn innovasjon og utvikling av fornybar energi.

Venstre vil:

- sette fornybar energi, nullutslepp og bærekraft først i næringspolitikk, samferdsle og fylkeskommunale planar og anbod. Dette styrkar nærmarknadane for næringslivet vårt.
- bidra til utvikling av klynger og fleire næringsmiljø, og styrke samarbeidet mellom forskning, utdanning og næringsliv.
- ha enkle støtteordningar og mindre byråkrati.
- jobbe for reine fjordar og hav, fritt for plast og anna forureining.



Gunhild Berge Stang, Fjaler fylkesordførarkandidat

Vestland - best på kultur

Venstre vil løfte profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar i heile Vestland og i Bergen som internasjonal kulturby. Vi vil sikre frivilligheita gode rammer for å bygge inkluderande lokalsamfunn.

Venstre vil:

- etablere eit vestlandsk kulturfond.
- satse på gode arenaer for kultur, idrett, inkludering og friluftsliv.
- styrke samspelet mellom profesjonelle og frivillige kulturtiltak.
- jobbe for at alle skal få vere med i ein fritidsaktivitet.



Geir Kjell Andersland, Bergen andrekandidat

Skule for framtida

Venstre vil ha vidaregåande skular med kvalitet og fridom til den einskilde. Alle elevar er ulike og lærer på forskjellige måtar. Vi vil gje elevar meir makt over eigen skulekvardag.

Venstre vil:

- sikre at fritt skuleval held fram i heile fylket.
- ha skulefrukost på alle vidaregåande skular.
- styrke skulehelsetenesta og seksualundervisninga.
- gje lærarane meir tid til undervisning gjennom reduserte krav til rapportering.



Agnes Hoshovde Bernes, Alver tredje- og ungdomskandidat

Betre kollektivtilbod, trygge vegar

Det nye Vestland må bindast saman gjennom auka satsing på infrastruktur. Gode og trygge vegar, kollektivtilbod og breiband er avgjerande for busetnad, miljø og næringsliv.

Venstre vil:

- prioritere rassikring, gul midtstripe og vedlikehald på vegane våre.
- legge til rette for betre og billegare kollektivtilbod, og sikre utvikling av bybanetilbodet i Bergen.
- utvikle eit framtidsretta, miljøvenleg båttilbod.
- sikre fiber og breiband til alle over heile fylket.



Alfred Bjørlo, Eid fjerdekandidat